

VÅGSØY KOMMUNE - VIDAREFØRING AV DAGENS KOMMUNESTRUKTUR

Versjon 17.03.2016/EMS



Kommunereforma er ei velferdsreform. Det handlar om betre tenester der folk bur; gode skular, pleie og omsorg når vi vert eldre, trygge barnehagar for barna våre. Det handlar og om kva som skal til for å ta vare på dei innbyggjarane som treng det aller mest: Barn som treng barnevernet, rusavhengige, menneske med psykiske helseutfordringar og dei som fell utanfor.

Kommunereforma handlar og om ei betre organisering i områder der både innbyggjarane og næringslivet kryssar fleire kommunegrensar, og der større kommunar vil kunne gje ei meir heilskapleg og god planlegging.

Det er og duka for store strukturreformer i tida som kjem. Her er nokre av dei: Kommunereforma, Regionreforma, Høgskule, Politireforma, Brann og redningsteneste, Sivilforsvaret, Fylkesmenn, NAV.

Dette gjer at det er mykje vi ikkje kan gje svar på i høve endringar i åra som kjem.

Vågsøy kommunestyre har vedteke at ein skal ha ei rådgjevande folkerøysting i samband med kommunereforma. Vågsøy kommune har to alternativ: Å slå seg saman med Selje – Vanylven eller å stå aleine. Ein må derfor vurdere eigen ståstad, og ein vil sjå dette opp i mot følgjande roller og nokre av dei kriteriene som er sett opp som ei føresetnad:

Her er kriterier for ein god kommune jf. Veien mot ein ny kommune, rettleiar frå KMD.

Samfunnsmessige omsyn	Kriterier
TENESTEYTING <ul style="list-style-type: none">• Kvalitet i tenestene• Effektiv bruk av samfunnet sine ressursar• Likeverd	<ul style="list-style-type: none">• Tilstrekkeleg kapasitet• Relevant kompetanse• Effektiv tenesteproduksjon• Økonomisk soliditet• Valfridom• Statleg rammestyling
MAKTUTØVAR <ul style="list-style-type: none">• Rettssikkerheit	<ul style="list-style-type: none">• Tilstrekkeleg kapasitet• Relevant kompetanse• Tilstrekkeleg distanse

<p>SAMFUNNSUTVIKLAR</p> <ul style="list-style-type: none"> • Heilskapleg ivaretaking av areal- og transportinteresser tilpassa klima og miljøomsyn • Tilrettelegging for positiv utvikling i lokalsamfunnet og storsamfunnet 	<ul style="list-style-type: none"> • Funksjonelle samfunnsutviklingsområder • Tilstreккеleg kapasitet • Relevant kompetanse
<p>DEMOKRATISK ARENA</p> <ul style="list-style-type: none"> • Viktige oppgåver og rammestyring • Lokal politisk styring • Levande lokalt folkestyre • Aktiv lokalpolitisk arena 	<ul style="list-style-type: none"> • Høg politisk deltaking • Lokal politisk styring • Lokal identitet • Brei oppgåveportefølje • Statleg råmestyring

Kommunane er i aukande grad påverka av nasjonale og globale utfordringar. Demografi og kommunikasjonar har endra dei funksjonelle samfunnsutviklingsområda. Dei fleste funksjonelle samfunnsutviklingsområda dekker i dag fleire kommunar.

Rolla som aktiv samfunnsutviklar vert utfordra av den sterke sentraliseringskrafta i offentleg og privat sektor. Det gjeld busetnad, sysselsetting og tenestetilbod.

Innovasjon, næringsutvikling, tettstadutvikling og auka attraktivitet krev kompetanse og kapasitet. Evna til å etablere møteplassar, partnerskap og samhandling med eit breitt spekter av aktørar på ulike nivå vert utfordra.

Tilstreккеleg kapasitet

Vågsøy kommune leverer gjennomgåande gode tenester i dag.

Storleiken og samansettinga av fagmiljøa har mykje å seie for kvaliteten på tenestene. Kommunar som Vågsøy, med små fagmiljø, er sårbare ved uventa hendingar som sjukdom og oppseiingar. Dei vil og ha mindre ressursar til å vidareutvikle tenestene.

Det har over tid utvikla seg interkommunale samarbeid på ein del område. Det er høg grad av behov for dette. Her vil det vere noko usikkert i høve til kva som skjer med kommunane i Nordfjord, som no er samarbeidspartane, og i regionen elles.

Vågsøy kommune har samarbeid med andre kommunar på minimum 22 område.


Her kan mellom anna nemnast : KAD- senger (kommunal akutt døgneining), ambulant team (psykiatri 24-timers vakt), PPT og legevakt.

Kommunane blir i aukande grad utfordra på tenester innafor rus, psykiatri, barnevern og integrering. Dette krev auka krav til kompetanse og robuste fagmiljø fordi det ikkje er andre å spele på.

Relevant kompetanse


I tillegg til tilstreккеleg kapasitet, er også relevant kompetanse avgjerande for å sikre sterke fagmiljø og god administrasjon. Vågsøy kommune har hatt få søkarar til leiarstillingar dei siste åra. Det kan gjere kommunen sårbar. Ein treng medarbeidarar med stor breiddekompetanse. Personer med denne kompetansen vert ofte brukt til yttergrensene av sin kompetanse fordi det ikkje er andre å spele på.

Det har og vist seg at det er vanskeleg å rekruttere arbeidstakarar innan ulike yrkesgrupper med krav til utdanning. Særleg er dette ei utfordring innafor pleie og omsorg, der det er behov for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Ei stor del av dei ufaglærte er tilsette i denne sektoren.




Folketalsutvikling

Det hefter stor usikkerheit rundt framskriving av folketal. Det skjer ei sterk sentralisering rundt dei store byane. Folk i aldersgruppa 20-30 år flytter frå dei små kommunane. Dette forsterkar utfordringane inn mot den kommunale tenesteproduksjonen. Det vil krevje at ein stiller spørsmål kva tenestebehov som er naudsynt dei neste 10 – 20 åra.




Framskriving tal personer i arbeidsfør alder 2015 – 2040:



Framtidig tenestebehov

Estimert framtidig tenestebehov i årsverk per 1000 innbyggjar 20 – 66 år
Vågsøy kommune:



Kjelde SSB 2014

Ein av dei største utfordringane i høve rekruttering av relevant kompetanse vil vere innafør pleie og omsorg. Andelen eldre innbyggjarar aukar dramatisk dei neste 25 åra.

Ei lita kommune vil vere svært sårbar i høve tilgangen på spesialkompetanse. Dette gjeld og andre sektorar.

I tillegg vil kommunen som arbeidsgjevar vere i konkurranse med andre aktørar i arbeidsmarknaden, som til dømes privat sektor.

Tilstreккеleg distanse

Innbyggerane og næringslivet skal ha avgjerder som bygger på lov og rettsriktig handsaming. Det føreset upartisk og effektiv sakshandsaming. Teieplikt og anonymitet er meir krevjande i mindre einingar. Det krev og relevant tilstrekkeleg kompetanse i kommunen. Mindre einingar har etter kvart problem med å sikre både breidde og djupne i kompetansen og habilitet er ofte eit problem. Særleg kan dette gjelde tenester som barnevern og omsorgstenester, men og innafor tenester som plan og utvikling.

Det er derfor viktig å ha dette i fokus i alle samanhengar og leiarane må vere oppmerksame på at dette kan vere ei problemstilling i små kommunar, både når det gjeld tilsette og politikarar.

Effektiv tenesteproduksjon

I åra som kjem vil det vere stadig auka bruk av digitalisering. Dette vert krevjande å møte for små kommunar.

Ein vil framleis oppleve krav om effektivisert offentleg tenesteproduksjonen, og at verkemidlane vil vere konkurranseutsetting, ønskje om strukturelle endringar som for eksempel kommunesamanslåingar og ulike former for interkommunalt samarbeid og selskapsdanningar.

I tillegg til kompetansebehovet, vil det og verte større behov for nyinvesteringar og auka bemanning. Ein er avhengig av god kommuneøkonomi og statlege tilskot for å finansiere dette.

Årsakene til dette vil m.a. skuldast: Meir beviste og kravstore brukarar, utvida bruk av rettigheiter og forventningar om individuell tilpassing, statlege gode velferdsordningar som ikkje vil bli fullfinansierte og demografisk utvikling.

Auka krav til kommunen som maktutøvar kjem med fleire lovpålagde rettar og plikter, fleire og meir komplekse einskildvedtak og auka krav til rapportering.

Tenestene vert fleire og meir spesialiserte. Innbyggerane set høgare krav til kvalitet. Dette utfordrar kapasitet og kompetanse. I tillegg har den statlege sektorstyringa, og særleg regelstyringa, blitt meir detaljert.

Økonomisk soliditet


Ei viktig føresetnad for at kommunen kan levere gode velferdstenester er god kontroll på økonomien og kan handtere uførutsette hendingar.

Folketalsutviklinga vil gje kommunen mindre inntekter basert på inntektssystemet. Ein må pårekne å måtte gje betre tenester med mindre økonomiske rammer på kort og lang sikt.

Område som kan ha påverknad for den framtidige kommuneøkonomien er :

- Folketalsutviklinga
- Nytt inntektssystem.

Dei frie inntektene til kommunen består av rammetilskot og skatteinntekter :



Kjelde: SSB 2015

I forslaget til nytt inntektssystem er dette viktige punkt:

I dag: Full kompensasjon for smådriftsulemper. Basiskriteriet: 13,2 mill. per kommune i 2016

- To typer smådriftsulemper:
 - På tenestenivå
 - På kommunenivå

• Regjeringa sitt forslag:

- Tenestenivå: mål på busettingsmønster fangar opp smådriftsulempene, som i dag
- Kommun nivå: ufrivillige smådriftsulemper fanges opp ved å differensiere basistilskotet.

Med forslaget til nytt inntektssystem vil prognosane for Vågsøy i ytterste konsekvens vere eit tap på **6,6 mill. kroner.**

Kommunar som bestemmer seg for å slå seg saman i denne stortingsperioden, får behalde basistilskot og regionalpolitiske tilskot som i dag uavkorta i 15 år, og deretter få ei nedtrapping over fem år.

Oppsummering.

Vågsøy kommune er liten geografisk og relativt sett tett befolka. Kommunen yter gode tenester i dag, men vil bli sett under press i åra som kjem som kommune åleine.

Ein vil måtte møte auka trong for tenester med mindre menneskelege og økonomiske ressursar. Dette vil sette strukturar under press og opne for auka bruk av bemanningsbyrå, interkommunale tenester som er lokalisert andre stader og kjøp av tenester hjå andre aktørar. Dette vil kunne utfordre demokratisk styring og auke trongen for administrativ kapasitet.

Det skjer ei sentralisering i samfunnet som vanskeleg let seg snu i eit omfang som påverkar hovudtrekket i utviklinga. Dette må ein ta omsyn til når ein skal bygge framtidig kommunestruktur.

Stortinget sitt reformopplegg legg ei sterk økonomisk føring på arbeidet og grunnlaget for å drive Vågsøy vidare som i dag, blir vanskeleg når kommunane sine oppgåver i så stor grad er finansiert av staten.